

# Internatreglement for Kongshaug Musikkgymnas

Vedtatt i styret 3. juni 2026

## § 1 Formål og grunnleggjande forventningar

Internatet skal vere ein trygg og god heim for elevane, med gode vilkår for trivsel, kvile, sosialt fellesskap og skularbeid. For å kunne bu på internatet må eleven vere i stand til å ta ansvar for eigen kvardag.

Dette omfattar mellom anna å:

- stå opp og møte til undervisning
- delta i måltid og fellesoppgåver
- halde rom, klede og eigne egedelar reine, ryddige og luktfrie
- delta i sosiale aktivitetar
- bidra til eit godt sosialt miljø

Dersom ein elev av ulike grunnar ikkje meistarar dette, kan skulen på individuell basis vurdere om eleven kan halde fram som internatbuar. Rektor fattar vedtak om utflytting. Styret er klageinstans for slike vedtak.

## § 2 Skulen sitt omsorgsansvar

Foreldre/føresette skal varslast dersom ein elev:

- vert sjuk over fleire dagar
- er borte frå skulen over fleire dagar
- vert innlagd på sjukehus eller annan behandlingstutitusjon

Dette gjeld òg elevar over 18 år.

Dersom ein elev i løpet av skuleåret vert sjuk eller sliten, og derfor er borte frå skulen i fleire dagar, kan skulen påleggje eleven å reise heim for å få kvile.

### § 3 Rom, orden og reinhald

På internatet bur mange tett saman. God orden og godt reinhald er viktig for helse, tryggleik og trivsel. Eleven har ansvar for:

1. orden og regelmessig reinhald på eige rom
2. å delta i fastsette fellesoppgåver
3. å halde området rundt skule og internat fritt for søppel

Skulen har ansvar for å møblere og utstyre romma etter gjeldande standard.

Internatleiar kan føre tilsyn med romma ved behov og som del av ordinær internatoppfølging.

Det er ikkje tillate å halde husdyr på internatet.

### § 4 Fellesoppgåver og måltid

Alle internatbuarar skal delta i fastsette fellesoppgåver, mellom anna:

1. oppvask etter fellesmåltid
2. reinhald av fellesrom etter fastsette instruksar og turnusliste
3. ansvar for å halde områda rundt skule og internat frie for søppel
4. kjøkeneneste etter fastsett ordning

I matsalen skal det vere ro og orden slik at måltida vert trivelege for alle. Kvar elev ryddar etter seg og har ansvar for å vere orientert om turnus for kjøkeneneste.

### § 5 Internatkontrakt

Ved starten av kvart skuleår inngår elev og skule ein internatkontrakt. Eleven pliktar å følgje denne så lenge eleven bur på skulen sitt internat.

### § 6 Omsyn til andre og ro på internatet

Skulen si målsetjing er at internatet skal vere ein heim der det er gode bu- og arbeidsvilkår. Alle internatbuarar skal vise omsyn til andre sitt behov for arbeidsro, kvile og søvn. Bruk av musikkinstrument, lydanlegg eller liknande skal skje på ein måte som ikkje forstyrrar andre. Misbruk kan føre til inndraging.

#### § 6.1 Arbeidsro

Måndag til torsdag kl. 17.00-19.00 skal det vere arbeidsro i alle internat. Musikk og lydanlegg skal vere avslått eller ha så lågt volum at andre ikkje vert forstyrra.

#### § 6.2 Kveldsrutinar og innetid

Skulebygg og internat vert låste:

- kl. 22.00 før skuledagar
- kl. 24.00 før fridagar

Eleven skal vere på plass på sitt eige rom før internata vert låste. Det er ikkje tillate å gå ut etter innetid.

Elevar i Vg3 kan etter avtale låne nøkkel dersom dei kjem tilbake til skulen etter innetid.

## § 7 Respekt og tryggleik

Ingen på skulen skal oppleve uønskt seksuell merksemd frå andre. Brot på denne regelen kan føre til oppseiing av internatkontrakten. Sjå også skulen sin «Tiltaksplan mot uønskt seksuell merksemd» i elevhandboka.

## § 8 Branntryggleik og registrering

Brannlistene heng ved inngangen til alle internata. Listene skal sikre oversikt og tryggleik.

Elevane skal dagleg registrere seg personleg når dei kjem inn på internatet for kvelden. Etter registrering skal ein ikkje gå ut igjen utan å melde frå.

Overnattingsgjester skal førast opp på brannlistene.

Ved brann eller brannalarm skal alle følge gjeldande instruks for varsling og evakuering, og rette seg etter dei meldingane som vert gjevne.

Brannvarslarar, skilt og slökkjeutstyr skal berre nyttast når brann vert oppdaga.

Bruk av levande lys er ikkje tillate i internata.

## § 9 Bortreise og feriar

Elevane har ansvar for å melde frå når dei reiser bort. Dei skal skrive seg ut på eige skjema som heng i matsalen og på brannlistene.

Internatet er stengt i alle feriar. Internatbuarar har då ikkje høve til å vere i internatet.

## § 10 Snus, røyk og rusmiddel

Kongshaug Musikkgymnas er snus-, røyk- og rusfri.

Elevane skal ikkje oppbevare, bruke eller vere påverka av rusmiddel på skuleområdet eller på turar i skulen sin regi.

Det er heller ikkje tillate å oppbevare emballasje frå alkoholhaldige drikker, brukarutstyr til andre rusmiddel eller liknande.

Skulen gjev melding til foreldra dersom elevar brukar slike stimuli.

Brot på alkoholregelen vil vanlegvis føre til ei veker bortvising frå internatet. Ved andre gongs brot kan bortvising vare frå fleire månader og opp til resten av skuleåret.

Oppbevaring, bruk eller formidling av narkotika kan føre til bortvising frå internatet for resten av skuletida, og vil bli meldt til politiet.

Det same gjeld dersom elevar over 18 år formidlar alkohol til mindreårige.

## § 11 Egedelar, inventar og depositum

### § 11.1 Depositum

Internatbuar betaler depositum ved skulestart.

Det vert gjort trekk i depositumet dersom eleven:

- er skuld i skade på bygningar eller utstyr
- ikkje tek ansvar for reingjering, kjøkeneneste eller fellesoppgåver i internatet

### § 11.2 Personlege egedelar

Eleven har sjølv ansvar for egne egedelar. Skulen har ikkje ansvar dersom noko vert borte eller vert skada.

### § 11.3 Møblar og inventar

Internatbuuarar er ansvarlege for inventar og utstyr på eige rom.

Av omsyn til branntryggleik og slitasje er det ikkje høve til å skifte ut eller flytte på møblar utan avtale med internatleiar.

Dette gjeld òg fellesrom.

## § 12 Gjester og overnatting

Slekt og vener er velkomne som gjester ved Kongshaug Musikkgyrnas. Gjester skal melde frå når dei kjem til skulen.

Ved overnatting må eleven gje melding til skulen på førehand.

Gjester skal følgje skulen sitt internatreglement og overnatte på tilvist rom.

Overnatting på eleven sitt rom er berre tillate i helgene etter avtale med skulen. Dette gjeld både medelevar og gjester.

### § 12.1 Overnatting mellom elevar

Det er ikkje tillate at elevar overnattar på kvarandre sine rom utan særskild avtale med skulen. Dette gjeld òg kjærastar.

Brot på regelen kan føre til samtale med skulen, involvering av heimen og, ved gjentekne eller alvorlege brot, bortvising frå internatet.

### § 12.2 Betaling

Foreldre og søsken et og bur gratis på Kongshaug i skuleåret.

Andre gjester betaler etter fastsette takstar for rom og måltid. Betalinga vert ordna med kontoret eller internatvakt.

## § 13 Brot på reglementet

Det vert normalt ført merknad når elevar bryt reglementet.

Summen av merknader kan få betydning for:

- fordeling av rom neste skuleår
- tildeling av betalte arbeidsoppgåver på skulen
- vurdering av om eleven er eigna til å bu på internatet

Elevar som ikkje møter til kjøkkenvakt, eller som unnlèt å vaske fellesareal eller liknande, må sjølve betale den som må gjere jobben. Satsar for dette vert fastsette av skulen.

Brot på reglar om overnatting, tryggleik, orden eller rusmiddel kan føre til bortvising frå internatet for kortare eller lengre tid.

Styret er klageinstans i saker som gjeld bortvising for meir enn tre dagar.

